

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	12.05.2023
Vår referanse	2023/55428-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om 132 kV ledning, utsett byggjefrist og nettilknytning for fem småkraftverk i Etne kommune

Bakgrunn og skildring av tiltak

NVE har motteke søknad frå Fagne om utsett byggefrist og endring av konsesjonsgitt løysing for ei ny 132 kV leidning frå Storbjørnlistølen i Kvinnherad til Tysse ved Åkrafjorden i Etne. Leidningen vil gje tilgang på nett for fem småkraftverk ved Åkrafjorden: Eikemo, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt. Dei fem kraftverka søker om utsett byggjefrist for vassdragskonsesjonane, og om anleggskonsesjon for å knyte seg til det planlagde nettet. Sakane heng tett saman, og sendast difor samla på høyring.

Ny kraftleidning og transformatorstasjon

132 kV leidning Storbjørnlistølen - Tysse

Fagne (tidlegare Haugaland Kraft Nett og SKL Nett) fekk i 2016 løyve til å byggje ein ny 66 kV kraftleidning frå Blåfalli III til Rullestad inst i Åkrafjorden. I tillegg fekk dei løyve til å byggje ein ny transformatorstasjon ved Tøsse kraftverk, og ei leidning som kopla kraftverket til den nye 66 kV-leidninga. Leidninga skulle byggjast for å knyte småkraft i området til nettet, men fordi kraftverka ikkje har vorte bygd har heller ikkje leidninga bygd.

I desember 2021 søkte Fagne om utsett byggjefrist for delar av leidninga. Nye analysar viser at det er tilstrekkeleg å byggje berre delar av leidninga som dei har konsesjon til, mellom Storbjørnlistølen i Kvinnherad og Tysse transformatorstasjon ved Tøsse kraftverk, sjå figur 1. I tillegg søker dei om å byggje leidninga førebudd for spenningsnivå 132 kV. Dette inneber at mastene blir noko breiare og høgare samanlikna med 66 kV master. I tillegg vil bandlagt areal langsmed traseen auke frå 26 til 30 meter



Figur 1: skisse av ny leidning frå Storbjørnli til Tysse. Kjelde: NVE Atlas

Tysse transformatorstasjon

Fagne søker vidare om løyve til ein ny transformatorstasjon ved Tøsse kraftverk. Denne stasjonen fekk løyve i 2016, men byggefristen har gått ut. Stasjonen er søkt bygd som eit innandørs anlegg, saman med Tøsse kraftverk. Bygget vil bli om lag 250 m², medan heile stasjonsarealet er om lag 1000 m².

Ved Storbjørnlistølen søker Fagne om ein koplingskiosk på ca. 70 m² for å knyte den nye leidninga til eksisterande nett.

Kraftverk ved Åkrafjorden



Figur 2: planlagte kraftverk ved Åkrafjorden. Frå høgre Eikemo, Tøsse og Djuvselva nord for fjorden, og Miljateig og Hetleflåt sør for fjorden. Kjelde: NVE Atlas

Eikemo kraftverk – forlenga byggjefrist og nettilknytning

Eikemo Kraft AS fekk konsesjon til å byggje kraftverket i 2015, med byggjefrist 25.09.2020. Eikemo Kraft søkte 21.08.2020 om å forlengje byggjefristen til 25.09.2025. Konsesjonen er overført til Kambo Energi AS. NVE fekk ny rapport om biologisk mangfald for Eikemo kraftverk 10.10.2022.

Kambo Energi søker i tillegg om konsesjon i med hald av energilova til elektriske anlegg i kraftverket og til å knyte kraftverket til nettet. Kambo Energi søker om løyve følgjande:

- Å byggje om lag 500 meter jordkabel over dyrka mark frå kraftstasjonen til nettstasjon. Kabelen vil krysse Eikemoelva.
- Ein generator og ein transformator med koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.

Tøsse kraftverk

Sunnhordland Kraftlag AS fekk konsesjon til å byggje Tøsse kraftverk med nettilknytning i 2015, med byggjefrist 25.09.2020. Sunnhordland Kraftlag søker om å forlengje byggjefristen til kraftverket, inkludert dei elektriske anlegga, til 25.09.2025. Konsesjonen gjaldt og ein transformatorstasjon og tilknytning til nettet via 850 m jordkabel og luftleidning, som er erstatta av ny omsøkt Tysse transformatorstasjon.

NVE fekk ny rapport om biologisk mangfald for Tøsse kraftverk 22.11.2022.

Djuvselva kraftverk

Kambo Energi fekk konsesjon til å byggje kraftverk i 2014, og har allereie fått utsett byggjefrist til 01.04.2024. Kambo Energi søker om konsesjon i med hald av energilova til elektriske anlegg i kraftverket og til å knyte kraftverket til nettet. Kambo Energi søker om løyve til å byggje:

- Om lag 50 meter hengekabel frå kraftstasjonen til Fagne sin nettstasjon.
- Ein generator og ein transformator med koplingsanlegg inne i kraftstasjonen

Miljateig kraftverk

Miljateig Kraftverk (SUS) fekk konsesjon til å byggje kraftverket i 2016, og har allereie fått utsett byggjefrist til 28.06.2026. Miljateig Kraftverk søker om konsesjon i med hald av energilova til elektriske anlegg i kraftverket og til å knyte kraftverket til nettet. Selskapet søker om løyve til å byggje:

- Om lag 500 meter hengekabel langs kommunal veg frå kraftstasjon til Fagne sin nettstasjon
- Ein generator og ein transformator med koplingsanlegg inne i kraftstasjonen

Hetleflåt kraftverk

Hetleflåt Energi AS fekk konsesjon til å byggje kraftverk i 2017, med byggjefrist 07.04.2022. Konsesjonen er overført til Kambo Energi AS, som den 20.01.2022 søkte om forlengja byggjefrist til 07.04.2027. NVE fekk ny rapport om biologisk mangfald for Hetleflåt kraftverk den 08.02.2023.

Hetleflåt Kraftverk (SUS) søker om konsesjon i medhald av energilova til elektriske anlegg i kraftverket og til å knyte kraftverket til nettet. Selskapet søker om løyve til å byggje:

- Om lag 125 meter jord- og hengekabel frå kraftstasjonen til nettstasjon
- Ein generator og ein transformator med koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Angående søknad om utsett byggjefrist for kraftverka Eikemo, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt, så vedkjem det ingen kulturminneinteresser.

Når det gjeld planen for å knytte Eikemo kraftverk til straumnettet med ein om lag 500 meter lang jordkabel over innmarka på Eikemo, er det naudsynt at konsekvensar for eventuelle kulturminneinteresser langs denne kabeltraséen blir avklart med gjennomføring av arkeologisk registrering før igangsetting av tiltaket (jf. undersøkingsplikta i medhald av kml. § 9). Regional kulturminnemynde er no i dialog med tiltakshavar Kambo Energi angående gjennomføring av arkeologisk registrering i samband med utbygginga av kraftverket. Tiltakshavar kan difor ta direkte kontakt med Seksjon for kulturarv om det er ønskeleg ut frå omsyn til effektivitet og framdrift, å få gjennomført avklaringa av kabeltraséen som eit tillegg innanfor det same prosjektet.

For dei fire andre kraftverka, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt, så blir dei skisserte planane for å knytte dei til kraftnettet vurdert til å ikkje få konsekvensar for automatisk freda- eller andre verneverdige kulturminne. Dette gjeld også endringa av konsesjonen frå 2016, med bygging av 132 kV kraftleidning i staden for 66 kV mellom Storbjørnlistølen i Kvinnherad og Tysse i Etne. Vi har heller ingen merknader til oppsetting av koplingskiosk ved Storbjørnlistølen med tilknytingskabel til eksisterande nett. Som del av tiltaksområdet for eksisterande konsesjon, blei desse områda avklart ved arkeologisk registrering i 2008.

Vassmiljø

Etter vår vurdering bør elvevassmassar vurderast ut i frå ein naturtilstand for Eikemo kraftverk og Tøsse kraftverk, og ikkje frå ein allereie utbygd situasjon. Begge kraftverka ligg i vassførekomst 042-310-R Eikemoelva nedstøms inntak Blåfalli III H. Etter vassforskrifta er godt økologisk potensiale nådd i dag, men det ligg ikkje målingar i databasen Vann-nett og presisjonen for miljøtilstanden er låg.

Hetleflot kraftverk ligg i vassførekomst 042-231-R Åkrafjorden bekkefelt sør, som har god økologisk tilstand. Denne vassførekomsten dekkjer mange vassdrag på sørsida av Åkrafjorden, og tilstanden er berre basert på ein vassprøve.

Vi minner om at i konsekvensutgreiingar skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand ([Miljødirektoratet 2023](#)). Ei eventuell vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 avhenger av at det føreligg kunnskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12.

Friluftsliv

Den omsøkte 132 kV leidninga går delvis gjennom det kartlagde friluftsområdet Blådalen i Kvinnherad kommune. Dette er eit stort turområde med tilrettelegging, som er vurdert som svært viktig. Området er eit turområde både sumar og vinter og vert nytta til m.a. teltturar, fiske, jakt og bærplukking. Områdeavgrensinga følger kommunegrensa mot Etne. Sjølv om det ikkje er kartlagt noko friluftsområde på Etne-sida av kommunegrensa, er det rimeleg å anta at det også kan vere tilsvarande friluftslivskvalitetar her. Det er ikkje registrert tur-ruter eller turforslag i UT.no i nærleiken av der linja skal gå.

Linja går gjennom Skreddalen som tilsynelatande framstår som upåverka av menneskeskapte inngrep. Linja vil såleis påverke korleis ein opplever naturlandskapet i denne dalen. Det er og verdt å påpeike at linjetraseen går relativt nær Folgefonna nasjonalpark.

Når det gjeld småkraftverka ligg ikkje desse innanføre kartlagde friluftsområde, med unntak av Djuvselva, som ligg i eit registrert friluftsområde (Åkrafjorden Nordsida). Åkrafjorden er kartlagt som eit registrert friluftsområde, men det er lite truleg at kraftverka vil påverke friluftslivsinteressene i fjorden i særleg grad.

På bakgrunn av føreliggande informasjon om m.a. kartlagde friluftsområde er det ikkje grunnlag for å sei at oppgradering av leidning til 132 kV eller utbygging av dei 5 småkraftverka vil få vesentlege konsekvensar for regionale friluftslivsinteresser. Kraftlinja kan ha lokale innverknadar på friluftslivsbruken av fjellområda i Blådalen, da i hovudsak i form av endra landskapsbilete. Terrenginngrep i samband med linja bør gjerast så skånsamt som mogleg med tanke på å minimere landskapspåverknaden.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL